



8 av 13 leigde dekar på Neset er førebels rusta opp

**Eldre folk meiner at jorda på Neset ikkje har vore snudd på 100 år, men no skjer det jordforbetring av stort omfang. Den driftige, unge gardbrukar Olav Hjetland Bringedal har leigd 13 dekar i 10 år - i fyrste omgang. Førebels er 8 dekar av dette arealet rusta opp og Olav veit så langt ikkje når turen kjem til resten. No disponerar han 200 dekar innmark og 120 dekar beite samt fjellbeite. Lemminga har så langt gjeve 320 lam denne våren men Olav reknar med at han kjem opp i 350.**

Jorda på Neset var svært vass-sjuk og ein omfattande prosess var naudsynt. Fyrst var det sprøyting og grøfting som måtte til og så kom fresing, steinplukking, kalking og såing av grasfrø med bygg som dekkvekst. Siste fase i attlegget er tromling.

Grunneigar Dag Hermansen er svært godt fornøgd med det som er skjedd.- No vert det eit fint kulturlandskap. Det har med andre ord skjedd ei viktig oppgradering av eit sentralt område i bygda, seier han til uskedalen.no

- Det som har skjedd på Neset er eit nytt viktig ledd i arbeidet med å auka matproduksjonen. No ventar vi spente på tilbodet den 6. mai, seier Olav Hjetland Bringedal, som er lokal bondelagsleiar. Han skulle gjerne hatt enda meir jord, men det er ikkje så enkelt å skaffa ho i Uskedalen.

Olav er i arbeid med harving av eit anna viktig og svært produktivt jordbruksområde i bygda - Fitjarflatane på Feet - saman med Hans Reidar Kjærland. Dei samarbeidar tett og Hans Reidar forpaktar området i 60 år.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Olav Hjetland Bringedal og Hans Reidar Kjærland i arbeid på Feet i dag